



Notat

Dato: 27.03.2014
Arkivsak: 2014/11889-4
Saksbehandlar: inggase

Til: Sigrid Næsheim Bjercke

Frå: Inger Lena Gåsemyr

Bergenhuis, Dikkedokken - Privat detaljregulering - gnr 165 bnr 555 m.fl. - Bergen kommune. Kulturminnefagleg innspel.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planprogrammet ved offentleg ettersyn. Hordaland fylkeskommune kan mellom anna reisa motsegn mot planar som er i konflikt med viktige kulturminneinteresser.

Kulturminneverdiane bør vere del av planprosessane så tidleg som råd for å unngå konflikhtar. Ein bør så tidleg som råd nytte seg av tilgjengeleg informasjon om eksisterande kulturminne, og analysere kva føremål og tiltak som kan kome i konflikt med eksisterande kulturminne.

SEFRAK-registeret over eldre bygningar og den nasjonale kulturminnedatabasen - Askeladden si oversikt over kjende automatisk freda kulturminne, bygg og listeførte kyrkjer er gode kjelder. Ei anna god kjelde er NB!registeret, som er Riksantikvaren sitt register over nasjonale kulturminneinteresser. Desse, og fleire får ein tilgang til mellom anna på www.kart.ivist.no, www.miljostatus.no og nb.ra.no. Byantikvaren i Bergen kommune sine kulturminnegrunnlag er òg gode kjelder.

Kulturminne må sikrast i plan gjennom omsynssoner. Omsynssoner kan vise område der vidare planlegging må ta særleg omsyn til kulturmiljøet. Freda kulturminne skal visast som bandlagt areal i omsynssone d og nyare tids kulturminne må få omsynssone c, jf. pbl § 11-8, bokstav c og d. Det er viktig å knyte gode arealføremål, føresegnar og gode retningslinjer til omsynssonene, jf. pbl §§ 12-5 og 12-7.

Estetisk utforming er del av all arealplanlegging, men er særleg viktig i saker med definerte kulturminneverdiar. Bruk og tilpassing av landskap er viktige verdiar å vekta i samband med verdifullt kulturlandskap.

Kulturminnemyndet viser til at tiltaket er konsekvensutgreiingspliktig grunna kulturminne/kulturmiljø i område med nasjonale og regionale kulturminneinteressene. Det er difor viktig at ein i det vidare arbeidet legg til grunn ei grundig registrering av kulturminneverdiane, jf. e-post sendt til Bergen kommune 21.11.2013:

«...Innenfor planområdet ligger Dikkedokken som representerer den siste relativt uendrete del av gamle Georgernes Verft. Verftet ble anlagt i 1784 og nedlagt i 1912. Dokkanlegget er trolig Norges eldste gjenværende sivile tørrdokk og har således høy verneverdi. Det er også funnet marinarkeologiske kulturminner tilbake til 1600-tallet i området omkring. Bergens Sjøfartsmuseum mener planen er KU-pliktig da den omfatter et særlig verdifullt

kulturminne/kulturmiljø.»

I høve til kulturminne frå nyare tid vil vi også peike på det samanhengande trehusbeltet av nasjonal interesse frå Sydnes/Nøstet og til Georgernes Verft, eit bygningsmiljø som i det siste er vorte innebygd på ein uheldig måte. Denne verknaden ser det ut til at tiltaket kan kome i fare for å forsterke. Bygningsmiljøet er oppført på Riksantikvaren si liste over bystrøk av nasjonal interesse – NBI-registeret, jf. Middelalderbyen Nordnes. Vidare vil vi peike på at Fredriksberg festning med forareal, som er eit kulturminne av nasjonal interesse, ser ut til å kunne verte påverka av tiltaket, etter storleiken på tiltaket å døme. Kulturminnemyndet sitt syn er at tiltaket er konsekvensutgreiingspliktig.»

Kulturminnemyndet vurderer føremålet i planarbeidet, slik det er framlagt til oppstart, som viktig og positivt. Samstundes kan tiltaket ut frå ei førebels vurdering på fleire punkt kome i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneverdiar, jamfør merknadene ovafor. Då nytten av tiltaket er høg og potensialet for konflikt samstundes er høgt, vil det være eit mål for kulturminnemyndet å minske konfliktpotensialet. Vi ber difor om at tiltakshavar går i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn.